

# STATUSRAPPORT



20.03.2014

NRK Nynorsk mediesenter

70, 5 prosent av dei 95 nynorskpraktikantane vi har sendt frå oss arbeider i media, dei fleste er i NRK. Kull 21 er lyst ut med søknadsfrist 15. april og kull 20 er godt i gang med praksis i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane.

# STATUSRAPPORT - NRK Nynorsk mediesenter

## NRK.no har berre 16 % nynorsk

- Målbruksstatistikken for NRK.no dei siste åra viser at nynorskprosenten held seg stabil rundt 16 prosent. Hadde det ikkje vore for at NRK Sogn og Fjordane brukar berre nynorsk på nettsida si hadde den vore endå därlegare. Kravet om minst 25 % nynorsk gjeld også for nettet, men det har det vore lite merksemrd kring i NRK, seier Magni Øvrebotten.



Redaksjonssjef i Nye Medier, **Erik Bolstad**, lagar kvart år ein målbruksstatistikk for NRK.no. Når han går ned på kvart distriktskontor vert det store variasjonar, ofte med utgangspunkt i bruk eller ikkje bruk av nynorskpraktikantar. Det kjem tydeleg fram at dei kan utgjere ein stor skilnad.

- NRK Rogaland har for eksempel gått ned frå 28 prosent nynorsk til 16 prosent. NRK Hordaland har gått opp, frå 22 prosent til 41 prosent. Desse variasjonane viser kor sårbare vi er når éin eller fleire nynorskjournalistar sluttar eller vert sett på andre oppgåver, seier Bolstad.

Han meiner at NRK Nynorsk mediesenter er heilt sentralt for å lære opp nye nynorskbrukande journalistar for nett.

- Nynorsk mediesenter har rekruttert 100 nynorskpraktikantar dei siste 10 åra. Av desse er 57 journalistar i NRK, og utan denne rekrutteringa hadde nynorskprosenten på NRK.no gått dramatisk ned år for år. Utfordringa no er å auke prosenten til 25, som er kravet som er stilt til nynorskbruk i NRK, seier Erik Bolstad.

Nynorskpraktikantane er opplærde til å vere fleirmediale, med kunnskap om og praksis i både nett, radio og fjernsyn, og godt i stand til å skrive og lage nettsaker med både lyd og levande bilet. - Med mangelvara nynorsk på toppen av denne kunnskapen burde fleire enn ein av dei vere godt kvalifiserte for nettet i NRK, seier Magni Øvrebotten.

Av dei 95 nynorskpraktikantane NRK Nynorsk mediesenter har sendt frå seg er berre ein fast tilsett i nettnyhenda i NRK på Marienlyst. Til samanlikning er det sju fast tilsette i Dagsnytt/ Dagsrevyen. - Der er det også fleire vikarar herifrå og interesse for å ha praktikantar i praksis, for å rekruttere folk som er både dyktige journalistar og nynorskbrukarar. Den interessa har vi så langt merka lite til frå nettet si side, seier Øvrebotten.

Fordelen med nynorskbrukarar er at dei kan skrive både nynorsk og bokmål. - Det burde alle kunne når dei skal skrive for nettet i NRK. Der trengst det målretta arbeid med både språklege haldninga og forståinga for NRK si rolle i utviklinga av norsk språk, elles aukar ikkje nynorskprosenten på dette feltet, seier Magni Øvrebotten.

## Inspirerande og krevjande



Kull 20 byrja på opplæringa 3. januar og er ferdige til 1. juli 2014. Dei har nett byrja i praksis i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane, og skal vere der til dei dreg i ekstern praksis frå 1. mai. Etter vel to månader med opplæring er inntrykka deira slik:

**Silje Steinnes Bjerknes:** - Vi får ei god innføring i både tv, radio og nett, og kva det krev av oss som journalistar. Det har vore utruleg gøy å få testa meg og prøva det vi har lært frå veke 1. Eg føler sjølv at eg har lært mykje på denne måten. Noko eg ikkje trur eg hadde gjort dersom vi berre hadde hatt teori. Alt i alt gir Nynorsk mediesenter det beste utgangspunktet ein kan tenke seg innanfor journalistyrket.

**Liv Ragnhild Holdhus Sjursen:** - Som nynorskpraktikant og journalistspire sym eg som regel rundt ein stad langt utanfor komfortsona mi. Det kan vere skrekkeleg stressande, men er mest knakende kjekt og rasande spanande.

**Guro Kvalnes:** - Som nynorskpraktikant har eg verkeleg fått bryna meg. Dette er ei fantastisk moglegheit til å få prøve seg som journalist, eg ville ikkje vore den forutan. No er me inne i vår andre veke i redaksjonen, og det er spennande å endeleg vere ein del av gjengen. Det er tøffe tider i mediebransjen, men med ballast frå Nynorsk mediesenter kjenner eg meg rusta for dei utfordringane som måtte kome.

**Oddbjørn Myklebust Opsal:** - Det har vore veldig kjekt og veldig utfordrande. Har fått testa meg sjølv og blitt meir kjent med eigne sterke og svake sider. Raskt og godt innblikk i journalistikk og NRK.

**Halvor Farsund Storvik:** - Inspirerande er ordet som oppsummerer dei første månadane her. Eg har fått endå meir lyst til å bli ein god journalist. Og trua på at eg skal klare å bli det.

## - Dette vert kjekkare og kjekkare



Kull 19 var ferdige som nynorskpraktikantar til 1. mars. Eirik Hildal hadde praksis i NRK Sogn og Fjordane og held fram der. Britt Kristin Ese var i NRK Hordaland og fekk eit vikariat i Yr.no etterpå. Idun Fivelstad hadde praksis i Norgesglasset i NRK P1. Ho fekk tilkalling der og har i tillegg eit 100 % vikariat som lektor. Tale Hauso hadde praksis i NRK Hordaland og er vikar på lokalkontoret på Stord. og Lars Ivar Nordal var i Kulturnytt i NRK P2/Dagsrevyen i ekstern praksis og er no vikar der.

Slik oppsummerer dei halvåret som nynorskpraktikantar:

**Eirik Hildal:** - Dette vert kjekkare og kjekkare! Tida i ekstern praksis hjå NRK Sogn og Fjordane gjekk ut 28 februar. Det vart avslutta med ei helg på fylkesårsmøtet til KrF, midt i blinken for ein nerd som meg.

Heldigvis får eg halde fram som tilkallingsvikar/vikar, og eg har fått summarjobb her. Det gler eg meg veldig til. Eg har vorte meir og meir ein del av desken her i Førde. Men eg kjem alltid til å kjenne meg som nynorskpraktikant, og det kjennest godt.

Det fine med å vere på distriktskontoret her er å få lage saker frå det heilt alvorlege og tunge nokre dagar, til lettare reportasjar den neste. I tillegg er det fint å lage både nett og radio. Eg skulle gjerne laga meir fjernsyn. Variasjon frydar, men det hadde det ikkje gjort utan den fantastiske opplæringa på Nynorsk Mediesenter.

**Britt Kristin Ese:** - Eg er takksam for den gode opplæringa eg har fått på NRK Nynorsk mediesenter. Eg har lært utruleg mykje, og fått moglegheita til å halde fram som journalist på grunn av dette. No byrjar eg i eit vikariat i ein redaksjon som så vidt eg

veit ikkje har andre nynorskbrukande journalistar. Då blir det synleg kor viktig oppgåva til mediesenteret faktisk er.

**Idun Fivelstad:** - Eg har fått endå større bein i nasen etter å vore tilknytt NRK Nynorsk mediesenter: Det har heile tida handla om å ville, tote og kunne – og etter det siste halvåret er eg så dristig at eg skryt på meg at eg også kan – for maken til engasjerte og dyktige læremeistrar skal ein leite lengje etter. No er eg tilsett både som lektor ved ein ungdomsskule og som tilkallingsvikar i Norgesglasset på NRK P1, så får me sjå kva framtida vil bringe ein nordmørsk nynorsking.

**Tale Hauso:** - Nynorsk mediesenter har gjort draumen min om å bli journalist til ein realitet. Det er rart å tenkja tilbake til august og sjå kor lite eg kunne då i motsetnad til kva eg kan no.

Læringskurva har vore veldig bratt. Eg lærte noko nytt kvar dag og møtte utruleg mange ulike og spennande menneske. I tillegg så er det kjekt å ha så flinke og kjekke kollegaer som ein verkeleg vert inspirert av.

Eg har blitt kasta ut i mange interessante og spennande oppdrag. Dette har gjort meg meir trygg og sjølvsikker. Det er kjekt å koma inn i NRK, bli tatt på alvor og få lov til å laga eigne saker og få så mykje ansvar.

**Lars Ivar Nordal:** - Å vere praktikant ved Nynorsk Mediesenter er kanskje den beste vegen for å få ein fot innanfor NRK. For min del har praktikanttida gjort det mogleg å nytte dei breie interessene mine i jobben min. Eg kjenner seg privilegert når eg får vere ein del av det viktigaste mediehuset i Noreg.

## Kull 21 lyst ut

15. april er fristen for å søkje om å bli nynorskpraktikant på kull 21. - Vi leitar etter folk som brukar nynorsk og vil bli journalistar. Før vi kallar inn til intervju og studiotest leitar vi etter søkerarar som har noko å fortelje i søknadane sine, og legg ved attestar og vitnemål. Så slepp vi å bruke mykje tid på innhenting av dei. Eg likar å sjå slikt før eg bestemmer meg for kven eg kallar inn, seier Magni Øvrebotten. Det er ho og faglærar Terje Gilleshammar som skal tilsette kull 21.

Tilsettinga vert før 17. mai, og kullet skal starte på opplæringa i Førde 25. august. Det vert her til jul og dreg deretter til ekstern praksis i andre NRK-redaksjonar. Tida som nynorskpraktikant er over til 1. mars 2015.



## Nynorskpraktikantane har prioritet

NRK Nynorsk mediesenter og NRK fleire har vore rekna som strategiske rekrutterings-tiltak sidan 2008, då fleire starta, og det vart innført tilsettingsstopp i NRK. For å sikre at «barnet ikkje vart kasta ut med badevatnet», har praktikantane hatt prioritet til stillingar dei er fullt ut kvalifisert for i tre år, etter avslutta opplæring.

Formuleringa har vore skiftande, og dette er gjeldande formulering. Ved juletider 2013 vart «hovudregelen» utdjupa med kommentarar.

I retningslinene for bemanningskontroll 1. oktober 2013 står det:

**« NRK Nynorsk mediesenter og NRK FleRe er strategiske rekrutteringstiltak fordi vi ønsker et økt antall ansatte og vikarer som snakker nynorsk eller har flerkulturell bakgrunn. Søkere fra FleRe-prosjektet og Nynorsk mediesenter betraktes som interne søker i tre år etter gjennomført program, og de skal gis prioritet til ansettelse i stillinger de er fullt ut kvalifisert for. »**

Det samme gjelder for praktikantordningen i NRK Sàpmi. De samme reglene for lovlig midlertidig ansettelse gjelder for disse som for andre midlertidige»


### Kommentarer og utdyping

Dette innebærer at vi til tross for bemanningskontroll fortsatt har som mål å øke andelen nynorskbrukere og flerkulturelle redaksjonelle medarbeidere i bedriften. Søkere fra våre strategiske tiltak har følgende muligheter:

- De kan søke og ansettes i internt utlyste stillinger, men allerede fast ansatte prioriteres foran dem.
- Eksterne ansettelse i faste stillinger må godkjennes i direktørmøtet. Dette gjelder ikke ved ansettelse av kandidater fra Nynorsk mediesenter eller FleRe, da disse regnes som interne.
- Ved eksternt utlyste stillinger skal de prioriteres til stillinger de er fullt ut kvalifisert for foran vikarer og andre eksterne søker.
- Kvalifiserte flerkulturelle søker (og alle kvalifiserte søker for øvrig i NRK) skal alltid tas inn til intervju (NRKs mangfoldstrategi fra 2011).

## Nye faste jobbar

### Frontredigerar i Dagens Næringsliv



**Ivar Folkedal** (30) fekk nyleg jobb som frontredigerar i Dagens Næringsliv. Samtidig tok TV2 kontakt og tilbaud han same stillinga der. - Ein veldig hyggeleg og privilegert situasjon, seier Folkedal. Han var nynorskpraktikant på kull 7, 2007/08. Hadde ekstern praksis i NRK.no og arbeidde der som vikar medan han tok master i journalistikk.

- Eg har takka ja til DN som skal satse tungt digitalt. Tre år som vaktsjef i klikk.no har gitt meg brei digital kompetanse. Eg er takksam for ansvaret eg har fått med å utvikle profilen, kvaliteten og trafikken til forbrukarnettstaden. Eg har samarbeidd tett med Aftenposten og Dagbladet, og gjennom stoffutveksling fått innsikt i fleire andre mediehus. Fekk dessutan permisjon i fjar sommar for å skaffe meg erfaring som frontsjef i VG. Litt vemodig er det å forlate bra kollegaer og leiarar hos Egmont Hjemmet Mortensen, seier Ivar Folkedal.
- Men nynorsk får du ikkje bruke?
- Nynorsk er det verre med, men det var ikkje nødvendigvis så stor interesse for det på Marienlyst heller.
- Kva nytte har du hatt av tida i NRK?
- Tida i NRK har openbert vore svært nyttig. Blant mange val har eg gjort to svært gode: 1) söke praktikantstilling i Førde som ga inngang til bransjen og fleire år med kjærkomen NRK-erfaring. Hadde aldri fått jobb i DN utan å slå i bordet med tyngde derifrå. 2) Søke jobb og skaffe meg vaktsjef erfaring i klikk.no - der eg har fått innsikt og kontaktar i alle dei seks andre største norske nettjournalistiske miljøa, seier Ivar Folkedal.

## Kommunikasjonsrådgjevar i Barne – og likestillingsdepartementet



**Ingrid Brandal Mykjbust** (28) byrja i fast jobb som kommunikasjonsrådgjevar i Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet for snart to månadar sidan. Ho gjekk på kull 14 med nynorskpraktikantar i 2011, og var vikar i NRK Dagsrevyen samstundes som ho tok ein master i statsvitenskap.

- BLD har ansvar for eit breitt saksfelt som barne- og ungdomspolitikk, familiepolitikk, integrering, antidiskriminering og forbrukarpolitikk, så her var det mykje å setje seg inn i, seier Brandal Myklebust.
- Kva nytte har du av åra i NRK?
  - Som kommunikasjonsrådgjevar i BLD dreg eg stor nytte av dei tre åra mine i NRK. Journalistisk erfaring er gull verdt fordi mykje av kvarldagen handlar om det som føregår i mediebildet. Det er ein føresetnad å vere godt oppdatert på norsk politikk. Som statsvitar er det svært spennande å få eit innblikk i korleis politiske prosessar går føre seg, og å få vere med å formidle politikk.
  - Korleis er jobben?
    - Det beste med jobben er at eg får høve til å gjere svært mykje forskjellig. Enkelte dagar kan det vere minst like høgt tempo som i journalistikken. Skjer det noko kastar ein det ein har i hendene og handterer hendingane. Men samstundes er det rolegare dagar, der eg kan late att døra til kontoret mitt og fordjupe meg i spennande politiske saker, gjennom research, førebuingar eller skriving av talepunkt og innlegg. Den

variasjonen likar eg svært godt! Og så jobbar eg heile tida saman med andre i departementet. Det trivst eg godt med.

- Kva med nynorsken?

- Å vere nynorskbrukar i eit departement opplever eg berre som ein fordel. Sjølv om eg har inntrykk av at det er færre av kollegaene mine her som brukar nynorsk enn det var i NRK. Eg brukar nynorsk som vanleg arbeidsspråk, men bokmål av og til når tekstane skal brukast av ein bokmålsbrukar, på same måte som når eg skrev introar på bokmål til nokre av programleiarane i Dagsrevyen. Eg er glad for at folk i BLD er opptekne av å ha nyhetsartiklar på begge målformer, og at eg også kan bidra til å få meir nynorsk ut på nettsidene våre, seier Ingrid Brandal Myklebust.

## Debuterte med «Hekla myter»



**Eli Fossdal Vaage** (29) debuterte med eiga diktsamling i februar, med tittelen «Hekla myter» på Cappelen Damm. Ho har skrive i antologiar tidlegare. Eli Fossdal Vaage gjekk på det andre kullet med nynorskpraktikantar, i 2005, og har arbeidd som journalist i NRK P3, Her og Nå og NRK Hordaland etterpå. No er ho tilkallingsvikar i Bergen og tek master i litteraturvitenskap ved Universitetet i Bergen.

Dikta er på nynorsk, men det er ikkje vaskesetelen frå forlaget Cappelen Damm;

- *På sitt unike vis skriver Eli Fossdal Vaage frem formødrenes historie og en felles kvinnelig arv. Diktene beskriver søsterskap på tvers av generasjoner, der en ung kvinne formidler både historisk kvinneliv, en eldre kvinnes stemme og sin egen tilværelse på en gård hun har overtatt, eller muligens trengt seg inn i. Hekla myter rommer like uanstrengt større og mindre refleksjoner, alt ført i et språk som både er likefrem og høystemt på samme tid.*

Eli Fossdal Våge er den fjerde tidlegare nynorskpraktikanten som også kan kalle seg forfattar. Tidlegare har Ingrid Z. Aanestad, Mona Vetrhus og Inger Johanne Sæterbakk gjeve ut bøker. Aanestad og Sæterbakk prosa, Vetrhus dikt.

## Status for systertiltaket Nynorsk avissenter



KURS I MOBILJOURNALISTIKK: Journalist i NRK Nordland, John Inge Johansen, held kurs for praktikantane ved Nynorsk Avissenter og Nynorsk mediesenter (Foto: Randi Indrebø/NRK)

Nynorsk avissenter, i avis Firda, har vore i sving i eitt år og utdannar nynorskbrukande journalistar for aviser som publiserer på nynorsk. Første kull på fire fekk praksisplassar i Jærbladet på Bryne, Avisa Sunnhordland på Stord, Hallingdølen på Ål og Firda i Førde. Alle har fått vidare engasjement i desse lokalavisene.

- Det andre kullet skal ut i ekstern praksis i mai og juni i Bergens Tidende, Sunnmørsposten, Dag og Tid og Klassekampen. Avissenteret set med andre ord spor etter seg både i riks-, region- og lokalavisene rundt i landet, seier Arve Sandal, som er leiari for senteret.

Nynorsk avissenter tek opp eit nytt kull med praktikantar 25 . august og har søknadsfrist 15. april.

## Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar



1. april er fristen for å foreslå kandidatar til Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar i 2014. Prisen er på 50.000 kroner og eit norsk kunstverk.

Prisen er lyst ut på ei rekkje nettsider og i nokre aviser. Du finn heile lysinga på nettsida til Kulturdepartementet og NRK Nynorsk mediesenter.  
[www.nynorskmediesenter.no](http://www.nynorskmediesenter.no)

Føremålet med prisen er å fremje bruk av nynorsk i media, og årleg ære ein dyktig journalist som er eit føredøme for andre. Prisen går til ein journalist som har utmerka seg i bruk av ein levande og god nynorsk i media, og som gjennom arbeidet sitt har gjeve nynorsken innpass på nye område. Framlegga skal ha ei skriftleg grunngjeving og dei skal sendast til [nynorskmediesenter@nrk.no](mailto:nynorskmediesenter@nrk.no)

Dette vert den fyrste tildelinga frå den nye juryen for prisen, som departementet oppnemnde for tidsrommet 2013 til 2017. Der sit: Svend Arne Vee (1967), Florø, redaktør i Firdaposten. Agnes Ravatn (1983), Oslo, journalist og forfattar, og Håkon Haugsbø (1973), Oslo, kommunikasjonssjef i Kirkens Nødhjelp. Juryen har valt Håkon Haugsbø til leiar.

NRK Nynorsk mediesenter er sekretariat for juryen. Grunnen til det er at denne nynorskprisen vart oppretta i samband med opninga av NRK Nynorsk mediesenter i september 2004. Prisen var departementet si "gåve" til mediesenteret. Prisen er på 50.000 kroner og eit kunstverk.

## Kvar vert nynorskpraktikantane av?

Per 1. mars 2014 har vi sendt frå oss 95 nynorskpraktikantar, og 70,5 % av dei arbeider heil- eller deltid i media. 57 av dei 95 arbeider i NRK. Totalt har 33 fått fast arbeid i media, 27 av dei i NRK.

NRK har tidlegare nynorskpraktikantar i ulike radio- og fjernsynsprogram og på nettet. Til dømes i Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks, Kulturnytt, Nitimen, NRK P3, NRK.no og ved distriktskontora i Nordland, Trøndelag, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.

Det er også folk herifrå i aviser som Drammens Tidende, Telemarksavisa og Møre-Nytt, og ein er nyleg tilsett som frontredigerar i Dagens Næringsliv. Vidare er det tidlegare nynorskpraktikantar i TV2, P5 og i ulike videoselskap.

Seks arbeider som informasjonsfolk om språk, skatt, kunst, flyreiser, utviklingshjelp og i Barne- og likestillingsdepartementet.

I statusrapportar som denne tek vi berre med dei fem siste kulla. Dei andre finn du på nettsida [www.nynorskmediesenter.no](http://www.nynorskmediesenter.no). Der skal vi vere oppdaterte på kvar dei arbeider, så sant dei sjølv hugsar å melde frå om byte av arbeid og studium.

### Kull 19: 19. august 2013 – 28. februar 2014



Frå venstre: **Eirik Hildal** (1985), vikar i NRK Sogn og Fjordane, **Britt Kristin Ese** (1985), vikar i Yr.no, **Idun Fivelstad** (1987), tilkallingsvikar i Norgesglaset i NRK P1og lærar, **Tale Hauso** (1991), er vikar i NRK Hordaland og **Lars Ivar Nordal** (1986), vikar i Kulturnytt NRK P2/Dagsrevyen.

### Kull 18: 3. januar til 30. juni 2013



**Vegar Tjørhom** (1987) er praktikant i FN i New York til juni 2014. **Adalheidur Oldeide** (1988) er vikar i NRK Hordaland, **Inger Johanne Ruset** (1985), er vikar i NRK Møre og Romsdal, **Hanne Våge** (1992) studerer spansk ved NTNU og er tilkallingsvikar i fleire redaksjonar på Tyholt. **Trond Espen Bjoland** (1993) studerer historie ved UiB og er tilkallingsvikar i NRK Hordaland.

## Kull 17: 20.august 2012 til 28. februar 2013



**Kjersti Hetland** (1985) er tilkallingsvikar i NRK Rogaland. **Marte Halsør** (1988) er vikar i NRK Dagsnytt. **Tale Høyem** (1990) er formidlar i Dag og Tid og vikar i skulen. **Jon Bolstad** (1987) er vikar i NRK Hordaland, **Stine Kyrkjebø Johansen** (1990) er fast tilsett i NRK Sogn og Fjordane.

## Kull 16: 3. januar til 30. juni 2012



**Hans-Olav Rise** (1991) studerer journalistikk ved Høgskulen i Oslo og er tilkallingsvikar i NRK Sporten, **Ingunn Rauk** (1983) er tilkallingsvikar Dokumentar og samfunn på Marienlyst. **Raymond Lidal** (1986) er frilansar og masterstudent i Jemen. **Katrine Nybø** (1986) vikar i NRK Dagsnytt og **Wilhelm Støylen** (1980) vikar i NRK Møre og Romsdal.

## Kull 15: 22. august 2011 til 29. februar 2012



**Sondre Dalaker** (1992) er mediestudent ved Universitetet i Stavanger og tilkallingsvikar i NRK Rogaland. **Susanne Egset** (1989), er informasjonsmedarbeidar på Oslo lufthamn. **Maria Pile Svåsand** (1986) er frilansar, **Agnese Bremere** (1988) er sjølvstendig næringsdrivande og **Lars Erik Andreassen** (1991) student ved NTNU og tilkallingsvikar i NRK på Tyholt.

### FAKTA OM TRE TILTAK:

**NRK Nynorsk mediesenter** – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, radio og fjernsyn. 10 praktikantar i året. Drive av NRK sidan 2004. Samlokalisert med NRK Sogn og Fjordane i Førde. Leiar: Magni Øvrebotten. Senteret er modell for dei to andre.

**NRK FleRE** – for rekruttering og opplæring av fleirkulturelle journalistar for nett, radio og fjernsyn. Fem praktikantar i året. Drive av NRK sidan 2008, samlokalisert med NRK Østlandssendinga, Oslo. Leiar: Marianne Mikkelsen.

**Nynorsk avissenter** – for rekruttering av nynorskbrukande journalistar for nett og avis. Åtte praktikantar i året. Starta hausten 2013. Bak tiltaket står Avishuset Firda, Amedia, Vinjefondet, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane. Samlokalisert med lokalavisa Firda i Førde. Leiar: Arve Sandal.